

Lokallagsrapport frå BDS-gruppa i Bergen 2024

Skrive av: Nils N. Haukås

Denne rapporten dekker BDS-gruppa i Bergen, som er en undergruppe i Palestinakomiteen i Bergen. Men det er verdt å nemne at Palestinakomiteen i Bergen også har organisert mange demonstrasjoner og har elles hatt mykje aktivitet.

Hausten 2024 blei det sendt ut ein epost til medlem i Bergen, med invitasjon til eit BDS-møte på den lokale butikken Handala. Då møtte det opp om lag 8 interesserte, som fekk høyre på ein introduksjon til kampanjen for apartheidfrie soner.

Derfra så har me vekse sakte. Nokre medlem har blitt inaktive, men så er det andre som har blitt med. Nett no er me totalt 18 medlem i BDS-gruppa, der om lag 10 er jamleg aktive.

For kommunikasjon så bruker me epost, Signal for chat-app, og Discourse for forum som kan romme lengre diskusjoner. Akkurat no så er det mest Signal som blir brukt.

Kva har me gjort i BDS-gruppa

Sidan gruppa starta så har me:

- rekruttert over 40 nye apartheidfrie soner i Bergen.
- organisert fire frukt- og grønt aksjoner.
- organisert to aksjoner for å påvirke bystyret, då dei ved to ulike høve skulle stemme over communal boikott av Israel.
- pågående korrespondanse med Brag.kommune vedr gjeldende Innkjøpsavtale med HP.
- forfatta eit åpent brev til 70 kulturinstitusjoner i samarbeid med andre kunstnarar i Bergen.
- organisert filmkveld med gratis visning av filmen Israelism på Cornerteatret i Bergen.

Dette har fungert godt

Ta turen innom: Mykje av BDS-arbeidet vårt har vært å oppsøke bedrifter ved å gå på besøk i arbeidstid og spørre om å få snakke med sjefen. Nokre gonger takker dei høfleg nei, mens ofte så veljer dei å bli med.

Tenke nettverk: Har me nokon i gruppa vår som kjenner nokon i organisasjonen me ønsker å rekruttere? Vennskap og kjennskap kan fungere veldig godt for å komme i prat med riktig person for å prøve å rekruttere til AFS.

Tenke folkeopplysning: Når me skal rekruttere til AFS, så er det viktig å freiste å skape dialog. Det nytter ikkje å belære, kjefte eller presse på. I stedet så prøver me å forklare korleis bedrifter kan ta eit viktig standpunkt mot apartheid, og så tipser me om dei som allereie er medlem.

Ting tek tid: Av erfaring så ser me at større organisasjoner gjerne må bruke meir tid på å bli AFS-medlem. Me har også sett at nokre gonger så har me fått nei frå ein bedrift, men så har me forsøkt å halde kontakten og spurt dei seinare ved fleire høve, og omsider så har dei takka ja til å bli AFS.

Vere pragmatiske: Folk som er nysgjerrige på å bli AFS lurer ofte på kva dei må boikotte. Til dømes så lurer dei på om dei f.eks. må kaste HP utstyr som dei allerede har betalt for. Da må me forklare at det minstekravslisten som gjelder, og ikkje minst så handler det om kva ein gjer på sikt, som då er å sjå på det å *fase ut* varer som er på minstekravslisten.

Bruke sosiale medier (SOME): Sosiale medier har gitt oss mykje drahjelp. Me har brukt SOME til å informere om AFS, til å skryte av nye AFS-medlem, og som ein rekrutteringskanal der bedrifter tek kontakt fordi dei ønsker å tilslutte seg AFS. vi har også tatt kontakt med ulike aktører via SOME

Ansvarlig for AFS-kontrakter: Det er ein person hos oss som har ansvar for å handtere AFS-kontrakter. Når me får nyinnmeldinger så tar me bilde av den signerte kontrakten og sender det til personen som er ansvarleg for AFS-kontrakter, som så sørger for å melde dette inn til Palestinakomiteen sentralt. Denne personen passer også på at me arkiverer

Ansvarlig for SOME: Fleire av oss har tilgang til å poste på Facebook og Instagram, men me har også ein dedikert sosiale medier person. Det betyr at øvrige medlem gjerne utformer tekst og bilde til FB og Instagram, og så hjelper vår dedikerte SOME-person til å få innhaldet publisert på ein god måte.

Skrive referat: Veldig nyttig for å tydeliggjøre kva som treng å bli gjort, og kven som held i ulike oppgåver. Om nokon ikkje var med på eit møte, så kan dei lese seg opp til neste møte.

Vere profesjonelle: Me har eit uttalt mål i gruppa om at me ønsker å vere veldig gode på AFS. Det betyr at me ønsker å vere ryddige og profesjonelle i måten me rekrutterer nye AFS, måten me viser dei fram på sosiale medier, og korleis me følger opp eventuelle spørsmål og sjekker korleis det går med nyinnmeldte AFS-medlem.

Ting me kan bli betre på

- **Dokumentasjon:** Akkurat no så har me eit samarbeid som fungerer godt. Men me ser at me bør passe på å skrive ned rutinene våre, slik at det blir lettare å omfordеле arbeidet når det er behov for det.
- **Rekruttere:** Som nevnt på bdsmovement sine nettsider så kan BDS-arbeid vere krevjande, og då er det viktig å ha andre å støtte seg på. Derfor bør me passe på å ha

nok nye frivillige som kan steppe inn dersom andre som har vore med lengje treng å ta ein pause.

- **Samarbeide:** Det er andre grupper utenom Palestinakomiteen i Bergen, som også jobber for hjelpe Palestina. Me har gjerne litt ulik filosofi og tilnærming, men det er viktig at me har ein dialog slik at me sikrar at me dreg i same retning.